

Ullensvang mållag  
v/ Johannes H. Sekse  
Klokkargarden  
5781 LOFTHUS

22. januar 2018

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

### **Høyring om fjerning av namnevernet for kommunale og fylkeskommunale stadnamn**

Me viser til høyringsframlegg frå Kulturdepartementet dagsett 6. desember 2017 om endringar i lov om stadnamn, der fjerning av delar av namnevernet utgjer det viktigaste punktet. Ullensvang mållag ser ingen fordelar eller forbetringar knytt til framlegget om å fjerna § 3 andre ledd for norske stadnamn, og går sterkt imot alle framlegg om å svekkja vernet av stadnamn som immaterielle kulturminne.

Grunna driftsendringar i jordbruket, endra livsstil og svekking av munnleg kulturtradering, er me no inne i ei bylgje med namnedød i Noreg. Stadnamn som har vore i bruk i hundrevis av år, går i gløymeboka, og med dei forsvinn viktig norsk kulturhistorie. I ein slik situasjon burde politikarane våre vera opptekne av tiltak for å ta vare på denne delen av kulturarven vår, og ikkje gå aktivt inn for å svekkja statusen til stadnamna endå meir. Å lata fleire hundre gamle stadnamn forsvinna pga. ei handsopprekking i eit kommunestyre, er utillateleg i eit sivilisert land.

Problemet i dag er ikkje at me tek for godt vare på stadnamna våre, problemet er at me ikkje gjer nok for å verna dei. I høyringsframlegget skriv Kulturdepartementet sjølv at stadnamna er ein del av «vår felles kulturarv», og at dei gjev opplysningar om «språk, terreng, ferdselsårer, dyreliv, plantevekst, militære varslingsystem, kirkelig styring, folkelige gjøremål, ordbruk, arbeid, arbeid, tenkemåte og levevis». Me er freista til å seia *nettopp!* Og konsekvensen av dette er ikkje at me bør svekkja namnevernet, men tvert imot styrkja det for verna dei mot t.d. kommunepolitikarar som vil gjera «populære» vedtak utan å bry seg om den langsiktige kulturelle verdien eit stadnamn har.

Ullensvang mållag ser det elles som merkeleg at ein skal knyta namnevernet til kva vedtaksorgan namnet tilfeldigvis har. Det kan ikkje slik at stadnamn har mindre kulturverdi fordi dei har ein kommune eller fylkeskommune som vedtaksorgan. For materielle kulturminne som t.d. verneverdige bygg ville nok dei fleste stilt seg undrande til eit framlegg om å fjerna vernestatusen for dei objekta som hadde kommunane som eigar. Me ser det ikkje som mindre uskjonleg for stadnamn.

Av saksutgreiinga til departementet går det fram at det sidan 2010 har vore berre fem saker som gjeld § 3 til handsaming i Klagenemnda for stadnamnsaker. Dette må vel tyda på at det ikkje er noko stort samfunnsproblem at me har ei lov som vernar om denne delen av kulturarven. På ei anna side er me redde det kan koma mange utbytingar av «upopulære» stadnamn dersom framlegget om aktivt å fjerna stadnamnvernet går gjennom.

Me stiller oss elles sterkt kritiske til at ein no vil innføra eit skilje mellom norske namn på den eine sida, og samiske og kvenske namn på den andre sida. Me stiller oss fullt og heilt bak at samiske og kvenske stadnamn skal ha vern som før, men det kan oppfattast som diskriminerande når ein tek

vekk vernet for norske stadnamn, og samstundes framhevar uttrykkjeleg at samiske og kvenske namn får behalda det same vernet. Det gjev inntrykk av at norske stadnamn er mindre verdifulle, og kan medverka til å setja ulike språksamfunn opp mot kvarandre. Det er sjølvstakt ikkje motivet bak framlegget, men slike konsekvensar bør vurderast nøye når ein gjer framlegg om ei uttrykkjeleg, negativ forskjellsbehandling av stadnamn med norskspråkleg opphav.

Ullensvang mållag bed departementet leggja bort framlegget, og heller ta initiativ til å styrkja stadnamn gjennom midlar til djupinnsamling, digitalisering av stadnamnsamlingar og andre tiltak som kan medverka til å berga den verdifulle kulturskatten stadnamna er – og bør handsamast som.

Med venleg helsing

Johannes H. Sekse  
leiar